

NR. 5

OKTOBER 2006

33. ÅRGANG

# Øy Nytt



Kværelde for Øygarden





## Sagrada Família- Den Heilage Familien. Ei utfordring frå Barcelona.

Eg har nett kome heim frå nokre inntrykksfulle turar, både til Dallas, Texas i samband med radioprosjektet eg er med i, og så ferietur til det spanske og franske Catalunya, og Andorra.

Nokre av dei sterkeste bileta eg sit att med, er inntrykket av det sterke og prøva katalanske folket, med eige flagg og indre sjølvstyre. Men óg kontrasten mellom Andorra sin "børs" og Barcelona sin "katedral".

Ikkje bare fekk vi feire messe - på katalansk-i Barcelona sin vakre katedral, og be aftansom saman med benediktinarmunkane i klosterkyrkja på fjellet Montserrat, sør for Manresa.

Det finaste minnet er likevel kan hende frå vitjinga av ei anna kyrkje.

Mellom gatene Marina, Provença, Sardenya og Mallorca i Barcelona ligg ho. Sume kallar ho "kyrkja som aldri vert ferdig". Ho har vore bygd på sidan 1888, og vert i alle høve ikkje ferdig før i 2041:



### Sagrada Familia-Den Heilage Familien.

Namnet kjem frå den fasaden av kyrkja som vender mot Marina-gata og vakkert viser Jesu fødsel og liv. Her er óg den Heilage Apostelen sine tre

kristne dyder: Trua, Vona og Kjærleiken.  
(1.Kor.13,13; 1.Tess.1,3)

Kyrkja er teikna av den katalanske arkitekten Antoni Gaudí, d.1926. Han hadde ein modernistisk stil, bygd på førebilete frå naturen. Stilen hans er óg kalla "global arkitektur." Kanskje kom kreativiteten hans ikkje bare av evner utanom det vanlege, men og av kjærleik til landet og ei djup kristen tru.

For Gaudí er det ingen skilnad mellom stillas og innhald, og det er sagt at det er umogleg å finna kva som er kva av desse.

Det slo meg då eg sto ved kyrkja at Gaudí sin stil nok kommuniserer godt med menneske av i dag. Frå kyrkja sin side må vi nok erkjenne at vi lever i ei tid der "ingenting er A4" og mykje av livet for mange er førelser og opplevelingar, med mykje lyst på godt og vondt, men óg mykje smerte.

Sjølv om vi må ta avstand frå det ideologiske ved rådande straumdraget i tida, postmodernismen, som vil ha det til at ingenting og alt er rett.

*Som kristne og kyrkje trur vi på Han som er Vegen, Sanninga og Livet, Joh.14,6.*

Som prest har eg eit stort ønskje om å stå på dette "gamle evangeliet". Utan Jesus, og det Han har sagt om kva som er kristendom i lære og liv er det umogleg å vere prest og kyrkje. Utan Jesus og det Han har sagt er det umogleg åtru og bli frelst. Dette veit eg at mange i prestegjeldet vil stå saman med meg i, og kjempe for.

Men vi har godt av å ta med oss utfordringa frå Barcelona.

*Når Jesus sjølv då Han steig inn i vår verd vart ein del av Sagrada Família-Den Heilage Familien(Luk.2,16+33), skal vi og som kristne bevisstgjøre oss på vårt sams, og heilage kall som ein familie(Ef.2,19-22) når vi bygger Stein på Stein i vår lokale kyrkje for born og komande generasjonar. Og innhaldet i trua er det same som alltid, men formene kan skifte.*

[sokneprest@kyrkja.net](mailto:sokneprest@kyrkja.net)  
<http://www.sagradafamilia.org/>  
<http://www.aviewoncities.com/barcelona/sagradafamilia.htm>

## Den norske kyrkja i Øygarden



### ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgjevar:	Blomvåg og Hjelme kyrkjelydar
Redaktør:	Odd N. Thormodsæter
Kontingent:	Min. kr 100,- pr. år innan kommunen Min. kr 150,- pr. år utanom kommunen kr 100,-
Takkeannonser:	3628 07 02557
Kontonr.:	Grafisk Team AS
Layout/trykk:	Hurtiglevering, Tjeldstø tlf. 98 66 53 29

### Kyrkjekontoret:

Vitjingsadresse:	Helse- og tenestesenteret, Rong
Postadresse:	Boks 144, 5331 Rong
Telefon:	56 38 22 40
Faks:	56 38 22 41
Vakttelefon:	56 38 22 44
E-post:	<a href="mailto:kontor@kyrkja.net">kontor@kyrkja.net</a>

### Internettsider:

<b>kyrkja.net</b>
måndag – fredag 0900 – 1500

### Tilsette:

Kontorsekretær	Kari Sandøy Rong <a href="mailto:kontor@kyrkja.net">kontor@kyrkja.net</a> tlf. 56 38 22 40
----------------	--

Kyrkjelydspedagog	Synnøve Sandøy Voldsbund <a href="mailto:kyrkjelydspedagog@kyrkja.net">kyrkjelydspedagog@kyrkja.net</a> tlf. 56 38 22 47
-------------------	--

Kantor	Anne Lise Grøm - permisjon
--------	----------------------------

Organistvikar	Vegard Voldsbund <a href="mailto:organist@kyrkja.net">organist@kyrkja.net</a> tlf. 56 38 22 45
---------------	--

Sokneprest	Svenn Martinsen <a href="mailto:sokneprest@kyrkja.net">sokneprest@kyrkja.net</a> tlf. 56 38 22 44
------------	---

Kyrkjeverje	Odd N. Thormodsæter <a href="mailto:kyrkjeverje@kyrkja.net">kyrkjeverje@kyrkja.net</a> tlf. 56 38 22 43
-------------	---

<b>Kyrkjene:</b>	
Blomvåg kyrkje	tlf. 56 38 70 22
e-post:	<a href="mailto:blomvag.kyrkje@kyrkja.net">blomvag.kyrkje@kyrkja.net</a>
Kyrkjetenar/gravar:	Kåre Kristoffersen
	Nytt mobilnummer: <b>911 05 197</b>
Klokkar:	Ole Vik

Hjelme kyrkje	tlf 56 38 80 30
e-post:	<a href="mailto:hjelme.kyrkje@kyrkja.net">hjelme.kyrkje@kyrkja.net</a>
Kyrkjetenar/gravar:	Kari B. Solheimslid Mobil 9772 74 57

<b>Råda:</b>	
Blomvåg sokneråd:	Leiar: Bente H. Guntveit
Hjelme sokneråd:	Leiar: Atle Dåvøy
Øygarden	
Kyrkjeloge fellesråd:	Leiar: Gustav Landro

**Frist for stoff til nr 5/06 er**

**20. november.**

**Til abonnent: 6. desember**

# GOD NOK??

Spørsmålet kan tolkast på to måtar.  
Er eg god nok til å kallast kristen?  
Eg som stadig tabbar meg ut og ikkje kan  
framstå som noko prakteksemplar av eit  
menneske?  
Eller for nokon kan det bety: eg er vel  
god nok? Eg er ikkje akkurat därlegare  
enn dei som kallar seg kristne? Eg  
reknar med eg er god nok når eg kjem  
framfor Gud eingong.  
( ja, for eg trur jo på Gud...)  
Nei, du er ikkje god nok.  
Eg er ikkje god nok.  
Men Guds nåde er nok!  
Jesu forsoningsverk på Golgata er nok!  
Vi kan ikkje stille opp med noko av vårt eige framfor  
Gud.

## MIN SALME

# DET VAR EN SOM VAR VILLIG

Teksten i denne songen gjer meg så takknemlig. Den er retta til akkurat ”sånne som meg” som så gjerne vil.... men ikkje alltid får det til. Og det er sikkert dei som tenker: Kan HO kalle seg kristen, så kan i alle fall eg det. Og då har dei forstått det. Ingenting eg presterer gjer meg på nokon måte god nok til å være eit barn av Gud. Men akkurat på tross av at eg IKKJE er god nok...så treng eg nåden Jesus gjer meg. Det står i songen at *han sonet MIN synd...min skam...* Det står han er tålmodig og mild, og det må han være med meg.. Alle mine feiltrinn som ligg bak meg, som vil komme der framme, vart nagla til korset med Jesus.

“  
Det er nok  
det som Jesus  
gjorde,

Vi må gå vegen gjennom Jesus.  
Han seier: ” Eg er Vegen,  
Sanninga og Livet. **Ingen** kjem  
til Faderen utan gjennom  
meg.” Joh. 14,6.

Det finns ingen  
annen vei som er  
god nok for Gud.  
Ta imot Jesus, det  
er **nok** for deg.



Bente Guntveit

”Det er nok det som Jesus gjorde,  
om av syndarar størst du er,  
du er beden til bryllaupsbordet,  
også deg har din Frelser kjær”.

Bente Guntveit



Therese Hellesøy

“  
Det var en som var villig å dø i mitt  
sted, for at jeg skulle leve med ham.  
Ja, til korset han gikk hvor han kjøpte  
meg fred, da han sonet min synd og  
min skam.

*Han er mild og tålmodig som ingen på  
jord, mens for slagget han renser sitt  
gull. Det er ingen fordømmelse, lyder  
hans ord, men forløsning så fri og så  
full.*

*Jeg meg klynger til Jesus, vil aldri  
gå bort. Det er fryd på de gjenløstes  
veg. Det er sang på min vandring til  
Himmelens port: Hver en synd tok min  
Frelser på seg.*

*Under Frelserens banner jeg glad  
skrider frem. Og som han er, skal jeg  
 bli engang.På min veg mot det evige  
himmelske hjem, vil jeg prise ham glad  
med min sang.*

*ALT som var meg imot, ble utslettet  
med blod, det ble naglet til korset med  
ham. Hvilken byrde han bar, da han  
sonoffer var, og tok bort all min synd  
og min skam.”*

”*Jeg klynger til Jesus, vil aldri gå  
bort...*”

Og då kan eg så klart velge å sjå  
skamfullt på livet mitt som så  
visst ikkje alltid vert levd som det  
burde....men velger å klynge meg  
til den milde og tålmodige Jesus  
som tok alle mine feilsteg med seg  
på korset...og nok tenker:

Therese, no falt du igjen...men eg  
er med deg, og skal løfte deg opp  
igjen

”*Jeg var villig å dø i ditt sted*”  
Så tenker du: Kan HO så kan  
EG....Ja, du har heilt rett.

Therese Hellesøy

*Eg utfordrar Margit Jørgensen til å  
skrive neste gong.*

# Kjære venner!

Bamako sept -06

Nå har vi vært vel en uke i Mali, og det har vært en begivenhetsrik uke!

Reisen ned hit gikk veldig bra. Jentene satt rolig på flyet, og fikk timene på flyplassen i Paris til å gå ved hjelp av McDonalds og to små lekeapparater. Ankomst Bamako var en spesiell opplevelse. For det første var vi trøtte, det var varmt, men så var det i tillegg ingen form for kø fram mot passkontrollen. Alle bare stimlet sammen i håp om å komme først. Men sånn er det her nede. Og så vi da, men to trøtte unger og mer enn nok håndbagasje og holde styr på. Heldigvis ble vi etterhvert sett av en ansatt, og ble sluppet raskt ut:-) Så var det å hente bagasjen. Jan plukkde seg ut en «hjelper» som hjalp oss å finne våre ti kolli, men det gikk ikke så greit. Vi venter fortsatt på en 100 liters koffert fylt med blant annet det meste vi hadde av CD'er og DVD'er...

Vi ble godt tatt på gjestehuset til misjonen og kom oss etterhvert i seng, svært fornøyde.

Den første uka har vært en «fadderuke» med sitt eget program. (Typisk for alle nye studenter?) Vi har blitt godt tatt vare på av de tre damene som egentlig holder til i Oussoubidania, Karen Ekern, Therese Glendrange og Guri Enger, og av direktøren Berit Bakke. Vi har blitt presentert for supermarket, enkelte restauranter, markedet og minibanken. Overalt er det folk som gjerne vil prate med jentene våre. Lørdag var vi i bassenget med alle de norske misjonærene her i byen. Jentene storkoste seg i vannet, og vi har funnet ut at vi må skaffe oss armringer for dette blir det mer av!! Jan ble skikkelig solbrent på skuldrene, så sterkere solkrem skal vi også kjøpe.

Søndag var vi på gudstjeneste. Det var en fin opplevelse.

I går flytta vi inn i eget hus. Det var godt å komme for seg selv igjen. Her er det veldig greit, to soverom, stue, kjøkken, bad og do med en gårds plass utenfor, aircondition i tre rom og mange vifter. Hushjelten har jobbet her i huset før, og det jeg har sett til nå er meget tilfredsstillende. Porten skal alltid være låst. Om natten har vi vakt.

Vi har så smått begynt å finne oss til rette her nede. Nå er dette hjemme! Jentene sover godt om natten, og igår var det stor gjensynsglede over lekene vi pakka fram. I dag har Jan reparert en bil, og nå er han på bønnemøte. Varmen er ikke så aller værst (25-30 grader), men det er regntid så da er det fuktig. Vi drikker mye vann, men ikke fra springen! Overgangen Norge-Mali er stor. Så mange andre lukter og lyder. De siste dagene har vi blitt forkjøla, så energien har ikke vært helt på topp



hos andre enn Hild Elida. Vi sitter inne med masse nye informasjon, og ser fram til å bli bedre kjent med arbeidet her nede. Nå venter vi på Bambi. Hun har passa norske barn før og skal passe jentene våre så lenge vi er her i Bamako. Så snart de er blitt bedre kjent skal vi voksne begynne å konsentrere oss om dette språket som foreløpig bare er masse rare lyder.

**Varme hilsner fra Elisabeth og Jan, Ester Kristine og Hild Elida**

### Ny beredskapsordning for kyrkja

Dersom ein ikke kjem fram til vakttelefonen, **5638 2244**, lokalt her i Øygarden, kan ein ringja ”prostivakta”. I tidsrommet 17.00 – 08.00 på kvardagar, og i helgane/høgtidene heile døgeret, er det alltid ein prest i beredskap i prostiet. **Nummeret er 954 83 655.** *Dette gjeld berre tenester som ikke kan venta*, slik som dødsbod, soknebod for døyande og støtte i kritiske situasjoner.

Korleis har du det...

# EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300  
SOS-Melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED  
NÅR LIVET ER SOM VERST

# Leir Skjergårdsheimen 22.-24. september 8.-10. klasse

Takk for sist alle sammen ☺

Ingenting er bedre enn en god leir med ivrige, smilendes, forelskede og engasjerte ungdommer. Jeg tror jeg snakker på vegne av de fleste da jeg sier at dette var en storartet leir. Et minne som får meg til å smile er vill-marksleken ”rød og blå” som ble en slager, hvor guttene kunne hente fram sitt mannlige innstikt og kjempe for livet etter å henge opp en klesklype på den ”skjulte” basen til fienden. Kubbespill, fotball og bordtennis var også aktiviteter som holdt engasjementet på topp! Håper dere også kan sitte igjen med noe fra bibeltimene og fått blitt bedre kjent med Jesus.

*”Eg er en perle for Jesus,  
en perle med stor verdi,  
Jesus døde på korset,  
for å kjøpe perla si ”*

**”Det er stort å kjenne Jesus”**

Velkommen tilbake på leir,  
med eller uten pizza☺

Marianne Stensland  
Barne og ungdomsarbeider,  
Øygarden





# SparebankenVest

- satser på Vestlandet

Vi tilbyr ferdige middgsretter og nystekte bakervarer



## RONGEBUA

- Stor jernvare
- Interiørvareavdeling

Tlf. 56 38 71 40 RONG SENTER

Catering - Snitter/koldt bord + Varm mat



*Rong Kafe a/s*

Tlf. 56 38 74 54

Rong Senter Eidsvåg 18, 5331 Rong

**NYHET!**

Ionic - Detox™ MK2



## ØYGARDEN HUD & KROPPSPLEIE

Rong senter • 56 38 95 15

- Forbedrer helsen
- Gir energi
- Bedrer fordøyelsen
- Bedrer pusten også ved astmaproblemer
- Hjelper lever/nyrer
- Motvirker stress
- Bedrer sovnvanene
- Psoriasis / Hudproblemer
- Gir bedre blodsirkulasjon



*TORSVIK*

ELEKTRISKE AS

Torsviksveien 5337 RONG

Tlf. 56 38 50 00

Vaktlakken 322 54 662

[www.torsvik.no](http://www.torsvik.no)



Tlf. 56 38 94 24

Mobil: 928 41 790

E-mail: post@oygarden.elektriske.no



**Harkestad  
Beton AS**

Utsalg på Straume  
Tlf. 56 33 00 70

## Betong og betongprodukter

Tlf. 56 38 25 00 Fax 56 38 25 01  
5336 TJEILDSTØ

**Juleartiklane er komne. Fine julegåver  
Ta turen innom**

Mand-torsd. 10-18  
Lerd. 10-18  
Tlf. 56 38 86 00  
Fax 56 38 85 20



TIMEBESTILLING 56 38 73 90

*Trend frisør*  
RONG SENTER

Anne Lene ønsker alle nye og gamle kunder velkommen.  
Har lærling som trenger modeller.

## Bli brun selv om det regner

Priser kan ikke sette høyem!  
Ring B-P-S Solsleie. Vi kan tilby 12-døgn solskinnsele  
eller 70-døgn solskinn med god kvalitet fra høyre!  
Solsleie og Drygtlinen  
Tlf. 56 38 74 54 (dag), 56 38 73 22 (kveld) eller 91 85 62 58.

**BPS**

Solsleie v/Arvid Rong  
56 38 74 54 / 56 38 73 22



Bilfikkene har blitt mye større, med  
stort utvalg av spesialiteter fra vårt kjøkken.  
• Moderne bilverksted m/ABU kontroll  
• Reparasjon av alle bilmerker  
• Moderne væskelunn




**MECA**

**BLOM  
SERVICESENTER AS**

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

## Godkjent bilverksted

**Støtt våre annonsører  
dei støtter oss**



**Malvin  
Harkestad  
& Sønner AS**

Alt i grunn- og betongarbeid


Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01

# VISITASFOREDRAGET 17. SEPTEMBER 2006

**Visitasgudstenesta her i  
Øygarden prestegjeld finn stad  
på den søndagen som har fått  
namnet "Takknemligheten  
sin søndag". Alle tekstane  
oppmoder til TAKKSEMD.**

Etter fem tette dagar i prestegjeldet, så kjenner eg på kor velvald dette temaet er. De lever på mange måtar i ei nådetid nett no: Dei ytre forholda ligg særstak til rettes. Kyrkjer og kyrkjegardar står heilt strøkne. Kyrkjelydkontora er gode og har ei svært tenleg plassering. Det er ei tett samhandling med kommunen, prega av respekt og profesjonalitet. Staben har funne saman, dei tilsette gjer det dei kan for å gjere kvarandre gode. Sokneråda har eit levande engasjement for Jesus og stor vilje til refleksjon og nysatsing. For meg har det særleg vore godt å merka kor tett den kyrkjelege strukturen dreg saman med bedehusrørsla og opent stor kvarandre.

Det er klart det gjer inntrykk når eg hører at kommunen kvart år gjev 100 000 til eit misjonsprosjekt som Misjonssambandet driv i Etiopia. Og at skulen så fylgjer opp med storaksjon til same formålet. Det er glederikt å sjå kor fint bygdefolk og industri tek vare på Hjelme gamle kyrkje, eit kyrkjehus som på mange måtar er avskilta. Kyrkjehus og kyrkjegardar vert stelte som om det var heim og hage. Sjå berre på Blomvåg kyrkje no ved 75-års jubileet: De fekk ikkje utvidinga som mange av dykk arbeidde for. Men de tar tak i det de kan gjere noko med: Flott parkering



utomhus og vakre nye tekstilar innomhus. Og ein borggard som no under visitasen er vorten ein elegant kyrkjelydssal.

Det er 13 år sidan biskop Per Lønning visiterte prestegjeldet her ute i Øygarden. Til visitasen no i år ligg det føre ei instruktiv og velskriven melding. Her er mangt som gler og imponerer.

Ikkje minst det levande arbeidet som finn stad på mange av dei til saman 16 bedehusa som er spreidde rundt i bygdene. Sjeldan såg eg slik ei liste over søndagsskular og yngreslag. Men eg tel og sju tiltak for ungdomar i meldinga dykkar, i tillegg kjem

eit uvanleg rikt leiarbeid knytt til Skjergardsheimen.

Eg finn strategar i denne kyrkjelyden som har arbeidd på lang sikt og som har nytta høvet, når sjansen var der. Eit skulehus skal seljast på Hatten, og så kjem altså Skjergardsheimen. Ei stilling som kyrkjelydsprest vert ledig, og så vert ho konvertert til kyrkjelydspedagog. Biskop Lønning etterlyser betre parkering ved Hjelme kyrkje, og så finn de plass lunt innimellom lynchhaugane. Tomt er innkjøpt til prestebustad og kan nyttast når signala kjem frå bispedømekontoret. Nokon såg mogelegheitane i ei utvida

*Fortsettelse neste side*

Blomvåg kyrkje. Dei vart riktig nok stoppa av Riksantikvaren, som jo har merka seg denne kyrkja som uvanleg interessant. Men de viser at de har handlekraft og engasjement.

Der de ikkje har sagt dykk nøgde, er på det diakonale feltet. Her kjenner de at noko må gjerast. Det ligg alt for mange og ventar i ”Barmhjertigheten sitt hus” (jfr. dagens preiketekst). Tradisjonen har alltid vore slik mellom Øygardsfolket, at leid nokon naud, eller blei på sjøen, så stilte naboane opp. Det har vi mange døme på i dag og. Men nauda er meir skjult i dag. Ho forskansar seg bak heimen sine tjukke veggjar. Ein kan liksom

ikkje trengja seg på, føler ein, og dessutan er det så travelt for oss alle.

Med mobilen som kommunikasjonsmiddel og fjernsynet som altar, vert relasjonane utfordra.

Når familiestrukturane vert utydelege kan det verte vondt om førebilete for barn og unge. I visitasmeldinga skriv de at rusmisbruket mellom unge ser til å auke. Eg kallar kyrkjelyden til levande diakonal innsats i år som kjem. Kan de få opp ei stilling for ein diakoniarbeidar, veit eg at fellesskapen vil få nytte av det.

Som mange av dykk veit, kjenner

eg øygardsfolket betre enn dei fleste. Handlekraftig og rett på. Unyansert ofte og utan sans for dikkedarar. Eg er full av beundring. Eg har heilt klart noko å læra.

Men baksida må de og vere var. Livet er ikkje så svart/kvitt som mange ser ut til å tru. Det er lett for å såre når orda kjem usensurerte. Det er godt med kraftig leiarskap. Dei gode leiarane tek seg likevel alltid tid til å lytta, dei veit kor viktig det er å få med seg meiningane frå dei som ikkje så lett står opp og mæler imot. Får ein ikkje med seg fotfolket, kan resultatet verte fraksjonering og motløyse.

## •Biletglimt fra visitasen • Biletglimt fra visitasen • Biletglimt fra visitasen • Biletglimt fra



Besøk på Tednebakkane

Nattverdsgudsteneste i Hjelme



Møte med kommunen



Utmarsj i Hjelme

Dette er ikkje sagt som eit forsvar for meg sjølv som biskop og for ei kyrkje som har gjort val de er urolege for. Så sjeldan som det er med ein bispevisitas, er det ikkje meir enn rimeleg at de står opp og konfronterer meg i aktuelle spørsmål. Ja, det er faktisk slik at eg har bruk for tydeleg tale, for eg skal vidare i nye, sentrale møte. Eg tek med meg synspunkt og åtvaringar.

Som de og veit, er eg samd med dykk i dei grunnleggjande synspunkta. Først og fremst dette at Bibelen skal vere grunnlag og rettesnor for alt det vi gjer og lærer og forkynner.

Men eg har merka meg samtalen med kommuneleiinga, der vi i

den aktuelle Stat/kyrkje-debatten vart alvorleg formant om ikkje å stilla oss slik at den offisielle kyrkja vert privatisert og mistar den nære kontakten med ei lokalbefolkning med djupe kristne røter. ”I Øygarden sitt kommunehus”, vart det sagt, ”er kyrkja ei av dei berande søylene. Vi treng å ha noko som er større enn oss sjølve, når det kniper for oss. Kyrkja må ikkje verte for innadvent i dagane som kjem.”

Og då er eg over på dei to store sakene de har lagt fram for meg. Først dette at de leiter etter ein veg for kyrkjelyden om Den norske kyrkja gjer val som de finn er ubibelske.

De er ”klare til forhaling” skriv de i visitasmeldinga. Kjem Kyrkjemøtet ut med vedtak som de ikkje finn har støtte i Bibelen, då vil de måtte vurdere forskjellige modellar for brot i gudstenestefellesskap. Og om det skulle skje at kyrkjelyden fekk ein prest eller biskop med nytt syn i homofilispørsmålet.

Eg vil gjere det eg kan for at så ikkje skal skje. Men eg må be dei av dykk som talar om valkyrkjelydar og alternativt bispetilsyn om å sjå på realismen i tenkinga. Vi har ikkje no slike ordningar. Og skulle de som leiing söka å forhala kyrkjelyden til annan kai, så veit eg ikkje kvar den kaien er. Og folkekirkja,

*Fortsettelse neste side*

## • visitasen • Biletglimt fra visitasen • Biletglimt fra visitasen •

*Skulegudsteneste i Blomvåg*



*Møte med 9. klassane*



*Møte med 9. klassane*

*Terna barnehage*



*Einingsleiar Frank Hop orienterer om barnehagen*



med kyrkjehus og mannskap, ho vil verte att. Ein kan ikkje melde folkekyrkja inn i ei frikyrkje.

Ikkje skal ein sjølv heller gjere det som eine person. Du skal ikkje langt attende i kyrkjehistoria før du finn open vranglære forkrynt frå prekestolar og i dette stiftet. Men folk sto distansen og blei i kyrkja og forkynnte Ordet og vitna for naboane og fylte dei valde råda med trugne kyrkje- og bedehusfolk. Slik det nå er i Øygarden, må de for all del halde saman og nytte den nådetida de har. Det ville vere øydeleggjande om de no splitta opp fellesskapen i mindre forsamlingar, eller trakk dykk ut til kyrkjelydsfellesskap eller forsamlingar utanfor Øygarden. Som einskildperson kunne du vel sakta få enda større personlege opplevingar i forsamlingar der alle var oppglødde. Men kva med bygda di og naboen sine barn?

Ingen må seie at de ikkje har ein bibeltru prest. Ingen må seie at her er alt statisk, vi kjem ikkje vidare. Ingen må seie at mogelegheitane ikkje finst for levande kyrkjelyds- og bedehusarbeid. Tvert om har de ein sentral og bibelsk forankring, og openberre sjansar til å nå ut på ei folkekyrkjeleg mark som har djupe andelege furur.

Den andre store saka ved denne visitasen er den nye gudstenesteliturgien de har arbeidd fram, ”Øygardsliturgien” har den vore kalla, eller ”Den store lovsongen”.

De har nyttat det høvet som alle kyrkjelydane har no for tida, til å søka å meisle ut ny liturgi som ei prøveordning. Og her har de gjort noko som er uvanleg spanande:

De søker å halde i hop gamal levande og velprøvd liturgi med ein opnare bedehustradisjon med enklare songar og stor deltaking frå lekfolket si side. Det er klart at det er presten som legg mange av premissane, eg kjenner att mykje av stoffet frå meir høgkyrkjelyds tradisjonar. Sjeldan såg eg likevel eit så aktivt deltagande lekfolk. Her skapar de noko som verkeleg er interessant.

Når det gjeld gudstenesta, gler eg meg over stor og aktiv deltaking frå kyrkjelyden si side, der både barn og unge er involverte. Likeså over eit band som er med og supplerer orgelet. Med Powerpoint har vanlege folk heile tida oversikt over kvar vi er og kva vi gjer. Her er solid forkynning og stor fleksibilitet.

Men som eg alt har sagt ved fleire høve: De er for glade i ord. Sjølv om dei er gode og bibelske og fører med seg vakker tradisjon, så kan dei verte for mange. Særleg er dette tydeleg i nattverdliturgien, her trengs det at nokon strammar opp og skjer bort.

Alt endringsarbeid tek tid. Eg trur de gjer klokt i å behalde den noverande liturgien ved nokre av gudstenestene. Då eg skreiv dette foredraget hadde eg enno ikkje hørt lyden i orgelet. Det er for dårlig, så gode instrument som de har. Eg vonar og at barnekantoriet kjem att når kantor har avslutta permisjonen.

Sjeldan har eg hatt så mykje på hjarta som nett no. Det er så mange einskildobservasjonar eg hadde hatt hug til å kommentere. Om att og om att har eg tatt dykk i å gjere framifrå godt arbeid. Det gjeld ikkje minst medarbeidarane

som er tilsette. Eg kunne nemnd dei ved namn ein etter ein og fortalt kva eg har sett av faglegheit, kjærleik og vilje til å satse.

Ver med dei no, og nytt tida. Ho er god og full av mogelegheiter.

Ein visitas er over, og biskopen fer vidare til andre kyrkjelydar. Eg kjenner det likevel slik at vi er ikkje ferdige enno, ikkje eg med dykk og ikkje de med meg. Vi treng å ha kontakt med kvarandre i den prosessen de har tatt til med. Her er mykje å vinne og mykje å risikera.

De har prosten som medarbeidar, han har de tillit til og han har vore dykk ein klok rådgjevar. Men eg er komen til at eg vil attende til dykk og møte dykk til drøftingar ei kveldsstund om eitt år. Då har vi bak oss eit kyrkjemøte. Då har vi erfaringar frå den nye gudstenesteliturgien. Då kan eg få høre om konfirmantane som les dette året, det var så flott å møte dei på ungdomsskulen og dei har så gode leiarar. Det kan vere godt for dykk å ha ei slik vitjing å forhalde dykk til, om noko skulle skjere seg. Da kan de roe dykk ned og tenkje: Vi tar det opp i drøftingsmøtet med biskopen. Eg kjenner at denne visitasen har Gud brukt. Eg seier som Paulus: ”Eg vil kome att for å sjå korleis det går med dykk”.

”Og eg er viss på at han som tok til med ei god gjerning i dykk, han skal fullföra henne – heilt til Jesu Kristi dag” (Fil 1,6).

BJØRGVIN BISPESTOL,  
17. september 2006.

Ole D. Hagesæther

**Kjøp kjapt,  
trygt  
og billig**

**KIWI** mini pris  
Søre Sæle  
**Tlf. 56 38 71 20**

### **Oygarden Cafe og Catering Tjeldstø**

Har lokale til ca 100 personer:

Arrangerer byllamp,  
konfirmasjoner og andre  
tilsrettelinger:

**Tlf. 5638 9380**

Kan levere mat til alle  
anledninger:

Middag, koldthord og snittar:

**BERGEN OG OMEGN BEGRAVELSEHJELP**  
Tostergr. 20, 5010 Bergen  
**Tlf. 55 21 44 50**  
Mobil 912 51 303  

- DØGNYAKT
- PARKERING
- BLOMSTER
- MONUMENTER

 Vi tilbyr også teknisk utstyr til gravfesten.  
Priser fra 900,- til 1000,- pr. per sett.




**Åsane Begravelsesbyrå AS**  
v/Johannes Blom

Vi står til tenesse med alt vedr. gravfest

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES  
Døgnavtal tlf.: 5518 9000

**Solstrands Begravelsesbyrå**



Herman Fossigt, 17, 5007 Bergen  
**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**

E-post: post@solstrands.no

Vår erfaring - din tryggfhet

**Din totalleverandør  
i Øygarden**



**Tlf. 56 38 28 00, faks 56 38 28 09**  
**Adr. Pålsneset, 5337 Rong**  
[www.th-bygg.no](http://www.th-bygg.no)

### **Inderøy Taxi & Transport**

1 - 11 passasjerer  
Rullestol

**Telefon: 56 38 77 73**  
**Mobil: 90 59 90 59**

### **Rossnes Taxi**

Magne Ingvald Rossnes,

Tinging av turar på  
**tlf: 56 38 91 51/ 951 12 634**

### **Gravminner**

Leveres ferdig montert med garanti.  
Be om katalog og pris.  
Skrifthugging og oppussing utføres.



**Bjørn Solheimslid**  
5336 TJELDSTØ  
**Tlf. 5638 9534 / 4004 1045**

**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen



Ditt begravelsesbyrå på Sotra.  
Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden  
**TLF 56 32 08 90 hele døgnet**  
Skjenet 4, 5353 Straume ( samme hus som Ligningskontoret )

# Øygarden Gospel på turné



3.-5. november reiser Øygarden Gospel på turné. I desember i fjor gav koret ut cd-en "Come On", og det er songane på denne cd-en koret vil framføre i konsertane. Me har lenge snakka om og planlagt denne turnèen, og alt har kanskje ikkje heilt blitt som me tenkte, men me har no landa på eit opplegg me er nøgde med. Fredag skal vi til **Salem i Bergen**, lørdag til **Kleppe bedehus på Askøy** og søndag i **Ytre-Arna kyrkje**. Koret har med seg profesjonelle musikarar, lydteknikar og lydanlegg, og med ungdommane sine flotte stemmer trur me dette vil bli ei oppleving, både for publikum og for oss som reiser.


## Jubileumsskrift Blomvåg kyrkje 75 år 1931 – 2006

Bur du i Øygarden, kan du få dette gratis ved å venda deg til kyrkjekontoret. Heftet er også lagt ut i kyrkjene.

Bur du utanom kommunen, sender vi det gjerne. Pris kr 75,- inkl. porto.

## SAMLIVSKURS

- et kurs for å få det enda bedre sammen !!



**PREP** er et kurs som gir par et verktøy til å skape en god og trygg kommunikasjon.

**PREP** kurset er morsomt og ufarlig, det er ikke gruppearbeid, parene jobber for seg.

**PREP** er et kommunikasjonskurs for par som ønsker nye perspektiver på samlivet, og som ønsker å få det enda bedre.

Kursdager er 9. og 10. nov (18-22) og 11.nov (10-15) 2006.

Pris pr. par kr. 1900.-. Interesserte bes ta kontakt med Straume Helsestasjon på telefon 56313720.

# På radiobølgjer til Texas

Som kanskje nokre i Øygarden kjenner til er soknepresten vår engasjert i radioprosjektet *Northern Star* som ønsker å byggja ein stor radiostasjon for Nord-Europa.

Av Odd N. Thormodsæter

Då visitasen i september var unnagjort, pakka soknepresten kofferten (utan prestekjolen) og sette kurset for Dallas i Texas.

-Kvífor tok du denne turen, Svenn?

Eg var invitert til å ta del på ein radiokonferanse på Hilton Anatole Hotel i regi av NAB (National Association of Broadcasters i USA). Her fekk eg med meg interessante foredrag, ei stor utstilling om framtidas radio og møte med radiobransjefolk frå heile verda.

Eg var og gjest på radioshowet "Moby in the Morning" som går på radiostasjonar i 5 statar, m.a. den lokale KFXR "Cowboy 11-90" som hadde ute-studio på konferansen. Hovudformålet med besøket i Texas var møte med eit stort mediekonsern. Så kven veit – kanskje møter vi i framtida soknepresten som "president" i ein ny radiostasjon??



Texas-cowboy Svenn



Svenn kan opplysa om at det er ein stor revolusjon på gang når det gjeld digital radio på AM-banda. Dette vil føra til FM-kvalitet på både LB, MB og KB. Systemet kjem truleg og på FM, og vil der føre til CD-kvalitet. Siste året har Svenn vore med i ein statleg komite som utgreier digitalsendingar på AM-banda i Noreg. Komitérapporten "Nytt liv for lågfrekvent kringkasting" er snart tilgjengeleg på [www.npt.no](http://www.npt.no).

## ØyNytt-rosa

Astrid Flåten jobbar på Tednebakkane og har lang fartstid i Øygarden kommune. Er fantastisk! Alltid i godt humør og står på og hjelper andre. Treng nokon hjelp er det berre å gå til Astrid. Ho har ein utrulig kompetanse i jobben. Alltid frisk og opplagt! Tusen takk!  
*Helsing kollegaer på Tednebakkane*



# Reisebrev fra Mombasakysten

Av Kjersti Waage Kårbø



Dagen er på hell. Eg let blikket gli sakte over landskapet rundt meg. Vinden grip lett fatt i blada på trea og palmene like ved. Hønene er trøyte etter dagen,- og har vagla seg på nokre høvelege trepinnar borte på ” plenen ”. Det er nok mange markar og andre småkryp som har sett sine beste dagar i dag. Hanen som vekte meg i 05 tida går enno og leitar etter noko småknask til kvelds. Dei får gå fritt – hønene i Kenya.... Fugleinfluentaen er lite omsnakka.. Kråkene flyg lågt over hovudet mitt her eg sit på ein ”pinna”stol med ei falma, solsliten, raud plastbøtte til fotskammel. Varmen slepp taket. Det kjennest svalare no.

Eg legg hovudet mot murveggen-. Me hadde 30 grader i klasserommet i dag – David og eg.

Turid (Toft Amenya) kom bort til oss og heldt på å få sjokk då ho såg kor me sveitta. OM me ikkje hadde sett inn vifte!? Hæ? VIFTE??? Som nyleg utflytta øygarding og harding var dette ein tanke som ikkje hadde streifa meg. Heime i Øygarden var det slik at ;- anten blæs det eller så var det stille. Var det i tillegg sol då- så var det jo ingen grunn for å setja på manuell vind... Ja, her er forskjellig. Ikkje noko verneombod kom og stengde lokala heller. Må smila for meg sjølv. Veit ikkje om eg hadde greidd å konsentrera meg i slik varme då eg gjekk i skulen ☺ Ja, her er faktisk bra varmt kvar einaste dag. Om nettene regnar det, og dermed er luftfuktigheita rimeleg høg om dagen, rundt 90 %. Men merkeleg nok... ein vert vand med dette og.

Me følgjer same opplegget dei har på skulen i Nairobi, så det er ikkje råd å ta fri. David jobbar utruleg godt, og me har hatt kjekke dagar.

Tenkjer nok det var dei som hadde fått seg ein god latt hin dagen då me hadde gym. Fotball var aktiviteten – og elev og lærar gjekk i gang. For å få meir fart i spelet måtte ” ho mor ” og ut på bana.. Sjå føre dykk ein spretten gutunge og to damer i side skjørt som gjer sitt beste for at ikkje ballen skal havna i mål.

Det var heldigvis få som passerte porten inn til tomta den stunda dette stod på, men ljomen hørde dei nok lang veg...

Dette var nokre tankar frå meg her på skuleoppdrag på Mombasakysten.

Me takkar for kvar dag me får, takkar for helse og for at me får høve til å gjera ei teneste her nede.

## Bibelen i CD-utgåve

Kristent Arbeid Blant Blinde og svaksynte (KABB) lanserer nå på nytt bibeloversetjinga frå 1978. Den har tidlegare berre vore tilgjengeleg på kassett. No kjem den i digital utgåve som omfattar 8 CD-ar. Desse kan spelast på både MP3-spelarar og Daisy-spelarar.

- KABB har gjennom mange tiår produsert lydbøker for synshemma og lesehemma. Det har alltid vore viktig å kunne tilby Bibelen også for synshemma. Då Bibelselskapet i 1978 lanserte Bibelen, kunne KABB samstundes tilby ein kassettversjon av den same utgåva. Den besto av så mange som 116 kassettar. No har KABB bearbeidd denne utgåva og tilbyr no alle å kunne lytte til ein digital versjon av Bibelen, seier generalsekretær Ingvar Nevland.

Han seier at CD-versjonen gjer det enklare for alle å bla fram og tilbake mellom dei ulike kapitla og bøkene i Bibelen samanlikna med kassettane. Den digitale Bibelen kan også kjøpast av sjåande. KPK

**På kyrkjekontoret har vi desse CD-ane til utlån.  
Velkommen innom!**

## Opprop til bøn og støtte for jødefolket

Sentrale leiarar frå ulike delar av Kristen-Noreg har gått saman om eit opprop. Der heiter det: - Jødane si rolle som Guds utvalde folk er ikkje utspelt. Bibelen oppmodar oss til å be for Israel og det jødiske folket. Vi ser i vår tid at antisemittismen veks både i vårt eige land og i Europa. I denne situasjonen kviler det eit særleg ansvar på kristenfolket, og vi oppmodar difor alle kristne til regelmessig bøn for Israel og jødefolket! Dei som står bak oppropet og støtta for jødefolket er: Pastor Sten Sørensen, generalsekretær Karl Johan Hallaråker, pastor Arfinn Clementsen, informasjonssjef Espen Ottosen, pastor Gunnar Jeppestøl, prest Einar Ekerhovd og pastor Hans Rogstad. KPK.



# Halloween spreier uhhygge - Allehelgensdag håp

- At nokon blandar saman Halloween med Allehelgensdag, er forstæleg. Men det er to dagar med noko ulikt innhald.  
Det seier Kari Lilleasen, rådgivar i IKO – Kyrkjeleg Pedagogisk Senter.

Av Torbjørn Greipsland

Mange barn her i landet er med og markerer Halloween, men svært få barn så vel som vaksne veit kva det handlar om. Og endå færre veit kva Allehelgensdag er.

## Samanblanding

- Det skjer ofte ei samanblanding av Allehelgensdag og Halloween, seier Lilleasen.  
"Allehelgensdag nærmar seg. Det er best å vere førebudd" stod det å lese i medlemsbladet til Bokklubbens Barn for nokre år sidan. Og det små barn skulle vere førebudd på, var grøss og gru knytt opp til Allehelgensdag. Lenger ute i bladet blei dagen (Allehelgensdag) omtalt som "Årets skumlaste dag". Denne samanblandinga er forstæleg ut frå at desse dagane er samanfallande i tid på året og at dei har med døde menneske å gjere. Men der stoppar også det som er felles. Medan Halloween er ein fastlagt dag, den same kvart år - 31. oktober, er Allehelgensdag (Helgemesse) første søndag i november, i år blir det søndag 5. november, opplyser Lilleasen. Men kva står eigenleg desse to dagane for?

## Uhygge

Allehelgensdag har tradisjon bakover til 700-talet i Noreg, medan Halloween er ein amerikansk tradisjon med røter i Irland. Den er komen inn i landet vårt dei seinare åra via amerikanske filmar og leiketøyindustrien med utkledningsklede og masker - til dels med skremmende og groteske utformingar. Halloween dyrkar dei døde som ånder og har merksemda retta på døde som går att, på spøkelse og på det som skapar uhhygge og utryggleik, og barna tar på seg dødningdrakter. Når barna bankar på dørene, seier dei "Trick-or-treat" ("knep" eller "knask"), som betyr: Eg underheld deg, synger eller gjer noko liknande (treat), og du gir meg noko

att (ofte godteri), elles plagar vi deg (trick), ropar barna. Men ofte veit ikkje barna kva dei ropar eller kva det betyr.

## Håp og trøyst

Allehelgensdag dreiar seg derimot om dei døde og om himmelen, der trøyst og håp om gjensyn står i sentrum, seier Kari Lilleasen.

- Kva vil du rá foreldre og andre vaksne til å gjere?  
- Samtale om


Halloween kan kanskje bidra til å hindre den utviklinga vi ser no, der barn til dels utfører svært grove ting denne dagen, som eggkasting og tilgrising av hus. Foreldre, barnehagetilsette og andre som har å gjere med barn, har eit ansvar her for å formidle kunnskap vidare til barna. Lilleasen meiner Allehelgensdag kan vere ein dag som gir barn og vaksne mulighet til å snakke om det vanskelege, om sorg og død.

- Besøk på kyrkjegard, der ein ser på kjende og ukjende gravstader, tenner lys på grav til familiemedlem, og gir barna muligkeit til å snakke om liv og død og håp og himmel. I kyrkja er det fin markering av denne dagen, noko vaksne og barn kan vere saman om, seier Kari Lilleasen, som i heftet "Vi tar kvarandres hender, merkedagar i hausthalvåret", utgitt av IKO-Forlaget, har meir informasjon om desse to dagane.

- Vil du åtvare barn mot å delta i Halloween-feiring?  
- Nei, det vil eg ikkje. Den tradisjonen er komen for å bli. Men eg vil sterkt oppmøde foreldre til å ta det ansvaret det er å sikre at barna veit kva dei er med på og kvar grensa går for utagerande åtferd, seier rådgivar Kari Lilleasen. KPK.



## KAFFEKROKEN



## G U D S T E N E S T E R

- 29. okt** **Blomvåg kyrkje kl.11:00** Bots og bededags gudsteneste v/Helge Unneland.  
Offer til Norsk lærarakademi. Song av Vik mannskor.
- 05. nov** **Hjelme kyrkje kl. 11:00** Helgemesse v/ Svenn Martinsen . Offer til Normisjon. Nattverd. Høve til dåp
- 12. nov** **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Familiegudsteneste v/ Svenn Martinsen. Utdeling av biblar til 5. klassingar. 6.-7. klasse leiren vert med. Offer til Norsk misjon øst.
- 19. nov** **Hjelme kyrkje kl. 16:00** Familiegudsteneste v/ Otto Høvik. Utdeling av biblar til 5. klassingar. Offer til kyrkjelydsarbeidet
- 26. nov** **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Offer til Normisjon. Nattverd. Høve til dåp
- 03. des** **Hjelme kyrkje kl.11:00** Familiemesse v/ Svenn Martinsen. Offer til sjømannskirken. Nattverd.
- 10. des** **Blomvåg kyrkje kl.11:00** Familiemesse v/ Svenn Martinsen. Offer til Ungdom i oppdrag. Nattverd .Høve til dåp

## K Y R K J E L E G E H A N D L I N G A R

### Døypte

#### Blomvåg:

Kevin Renè Hellesøy Gørbitz, Blomvåg  
Emma Jentoft Rong, Rong  
Oda Marie Monge, Fagrebakkane ( Straumsnes kyrkje)  
Nora Karin Berthelsen, Torsvik

#### Hjelme:

Hanne Sofi Mydland-Veland, Rossnes  
Leon Tveit, Tjeldstø  
Morgan Edvardsen Vik, Rong

### Døde

#### Blomvåg:

Målfrid Kirsten Magnesen, Torsvik f.1933  
Ågot Astrid Dale, Blomvåg f.1929  
Olaug Vik Olsen, Fjell f.1927  
Ester Karina Blom, Blom f.1912  
Betzy Helene Breivik, Breivik f. 1924  
Frank Tore Husebø, Rong f. 1972

#### Hjelme:

Hilmar Tobiassen, N. Sæle f. 1932

### Vigde

#### Hjelme:

Cecilie Andreassen og Stig Hellesund

## Hørselkontroll

Hørselkontroll er eit tilbod til eldre og uføre som ynskjer hørselmåling og/ eller utprøving av høyreapparat, eller som vil ha kontroll av det høyreapparatet som dei allt har. Ta kontakt med Øygarden kommune, Eleri Mai Oen Fossem, 56 38 23 54 mån - frø 0900-1400 for nærmare informasjon.



## T I L L U K K E

- 70 år:**  
19.nov. Ingvald Rolf Pahr, Alvheim
- 75 år:**  
31.okt Reidunn Marion Knappen, Tjødnarvegen  
04.nov Gudrun Ingrid Dåvøy, Dåvøy

- 80 år:**  
31.okt. Solveig Theodora Oen, Breivik  
06.nov. Bjarne Oen, Oen  
25.nov. Ole Herdlevær, Herdlevær  
29.nov. Paul Bertin Torsvik, Arsetlia  
29.nov. Klara Aletta Wilhelmsen

- 85 år:**  
30.okt Nils Konrad Toftevåg, Rossnes  
15.nov. Ingrid Vik, Vik  
21.nov Solveig Fjeldstad, Tjeldstø

- 90 år:**  
18.nov. Arthur Severin Hellesund, Hellesund

## I N N K O M M E O F F E R

#### Hjelme

9. april – normisjon	kr. 2870,00
13. april – kyrkjelydsarbeidet	kr. 2321,00
17. april - Norsk misjon i øst	kr. 1976,50
6. mai – Laget NKSS	kr. 4667,00
17. mai – korps og kyrkjelydsarb	kr. 3912,50
21. mai – Evangeliesenteret	kr. 2368,50
18. juni – Norsk Lutjersk Misjonssamband	kr. 6086,00
2. juli – Menneskeverd	kr. 1973,00
30. juli – Det Norske Bibelselskap	kr. 1990,00
13. aug – kyrkjelydsarbeidet	kr. 2435,00
27. aug – For bibel og Bekjennelse	kr. 1658,50
10. sept – Bergen søndagsskulekrets	kr. 3225,00
13. sept. – kyrkjelydsarbeidet	kr. 2536,50
24. sept. – Nordhordland Indremisjon	kr. 2264,00
8. okt – Kyrkjelydsarbeidet	kr. 1991,50

#### Blomvåg:

16. april – Bibelskulen Bildøy	kr. 4418,00
29. april – kyrkjelydsarbeidet	kr. 2498,50
30. april – Familie og Medier	kr. 3211,50
6. mai – Normisjon	kr. 3432,00
7. mai – Kyrkjelydsarbeidet	kr. 3099,00
14. mai – Den Norske Israelsmisjon	kr. 2790,50
17. mai – korps og kyrkjelydsarb.	kr. 2702,50
28. mai – kyrkjelydsarbeidet	kr. 1903,00
4. juni – Misjon uten grenser	kr. 2077,00
11. juni – Åpne dører	kr. 2063,00
25. juni. – Det Norske Bibelselskap	kr. 1209,00
9. juli – Kyrkjelydsarbeidet	kr. 2576,00
6. aug – kyrkjelydsarbeidet	kr. 1315,00
20. aug. – For bibel og Bekjennelse	kr. 3882,00
3. sept – Bergen søndagsskulekrets	kr. 3466,00
15. sept – kyrkjelydsarbeidet	kr. 4612,00
17. sept. – Kyrkjelydsarbeidet	kr. 6113,50
24. sept. – Kyrkjelydsarbeidet	kr. 3026,00

# Biletglimt frå bispevisitasen 13. – 17. september 2006



Songglade jenter i Blomvåg kyrkje fredag 15. september



Vik mannskor



Øygarden gospel



"Kaffibordet" i borggården



75års jubileumskake



Alf Sæle, ein av bidragsytarane til jubileumsskriftet



Ordføraren overrekker pengegåve til representant for Blomvåg sokneråd, Olaug Merete Rong, i samband med markeringa av 75års-jubileet



Biskop og kyrkjelydspedagog syng duett under visitasgudstenesta



Store og små kosar seg i det fine veret under kyrkjekaffien